


# Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 2. søndag i treeiningstida – 18. juni 2017

Preiketekst: Matt 3,11-12

Lesetekst I: 2 Mos 14,15-22

Lesetekst II: Tit 3,4-7

## DÅP MED DEN HEILAGE ANDE OG ELD

### Dagen

Denne søndagen kan kallast dåpens søndag. Det er ein nær samanheng med foregåande søndag som har misjons- og dåpsbefalinga som hovudtekst.

### Lesetekstane

Teksten frå 2 Mosebok er ein svært viktig tekst i GT. Frelsa gjennom Sivsjøunderet gav israelittane identitet som folk og er blant anna sentral i jødisk påskefeiring. I kristen tradisjon er teksten lesen som bilde på dåpen og på Jesu oppstode, jfr 1 Kor 10,1ff.

Teksten frå Titusbrevet er ein viktig dåpstekst. Her skriv Paulus at Gud frelste oss ved badet som gjenføder og fornyar ved Den heilage ande. Ordet «bad» blir nytta om dåpen også i Ef 5,26.

### Preiketeksten

Me høyrer her ein del av Døyparen si forkyning om Jesus. Han poengterer at Jesus er større enn han sjølv og at Jesus skal døypa med ein dåp som overgår hans omvendingsdåp. Teksten har to hovudmotiv: Jesu dåp med ånd og eld, og Jesus som den komande domaren.

”Han som kjem etter meg” er eit uttrykk for Messias, ikkje for ein tidssamheng. Jesus er overordna. Det kan kanskje også handla om at Jesus i starten blei oppfatta som ein disippel av Johannes. I så fall er det her gjort tydeleg at eleven overgår læraren. Men først og fremst dreier det seg også her om Han som kjem og som gjer alle ting nye.

”Ikkje ein gong verdig til å ta av han sandalane”. Å ta sandalane av, var slavearbeid. Sjølv om Døyparen var stor i Guds rike, gjorde han seg her liten, for å visa kor stor Jesus som Messias er. Olav Skjevesland skriv at ordet sandalar her gir eit artig apropos: ”Når Jesus kommer, får vi en Gud som går på jorden!”

”Jesus skal døypa med Den heilage ande og eld”. Dette er ein messiansk åndsdaup som me finn bakgrunn for f eks i Jes 32,15; Esek 36,25-27 og Joel 3,1-2. Tanken om at Anden blir gitt i dåpen, er sentral i kristen dåpsteologi, der blant anna leseteksten frå Tit 3 har vore sentral. Elden viser til at dåpen reinsar. Eld som gjer rein finn me f eks i 4 Mos 31,23. Jfr også orda om reinsinga i dommen i vers 12. Ånd og eld har begge reinsande kraft i seg. Men elden kan også gje assosiasjonar i retning entusiasme, liv, varme osv. ”Navnet Jesus må jeg elske, det har satt min sjel i brann.”

Orda om Messias som domaren i v. 12, hentar bilde frå eit landbruk med treskeskavl og treskeplass, jfr Jes 28,28. Døyparen sine ord handlar om at Messias skal reinsa kornet. Det positive er at han skal samla ”kveiten sin” i låven, eit bilde på frelsa. Samtidig er det lette agner som blir skilt ut, det vil seia lette dekkblad som omgir aksa. Ei norsk ordbok (<http://ordbok.uib.no>) nemner

uttrykket ”å fyke som agner for vinden” og seier det betyr å vera lett eller verdiløst.

”Denne vekten på dommen bør ikke få oss til å overse det positive aspekt ved Johannes’ budskap: Nemlig at om agnene skal bli brent opp, så vil det bli korn tilbake, et godt utkomme. Og i helbibelsk perspektiv vet vi at dommeren ble dømt i vårt sted. Sant nok, vi vil ikke bli spart for dommen, men ved troen vil vi komme ut av dommen.” (Olav Skjevesland).

## Revidert dåpsliturgi i Dnk

Kyrkjelydane i Den norske kyrkja tar i desse dagar i bruk ein revidert dåpsliturgi

([https://kirken.no/globalassets/kirken.no/dap/2017/daapsliturgi\\_2017\\_nynorsk.pdf](https://kirken.no/globalassets/kirken.no/dap/2017/daapsliturgi_2017_nynorsk.pdf)).

Orda som presten med handspålegging seier til den som er døypt, lyder nå: *Den allmechtige Gud har no gjeve deg sin heilage Ande, fødd deg på nytt og teke deg inn i sin truande kyrkjelyd. Gud styrkje deg med sin nåde til det evige livet. Fred vere med deg.* Liturgien er som tidlegare tydeleg på at me får Den heilage ande i dåpen. I forhold til tidlegare formulering, har nå uttrykket ”å bli fødd på nytt” kome inn i staden for ”gjort deg til sitt barn”. Vidare er det poengtert at dette skjer ”i dåpen”. Tidlegare sa ein her ”nå”.

Den reviderte dåpsliturgien skal tas i bruk innan 1. september 2017. Om ikkje kyrkjelydane har tatt den i bruk ennå, er det ikkje unaturleg å gjera det på dåpens søndag.

## Preikedisposisjon

1. Døyparen Johannes peiker på kor stor Jesus er. Jesus er Messias, han som skulle koma, han som profetane hadde talt om.
2. Når me blir døypt til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande, blir me døypt med Den heilage ande og eld. Dåpen er eit reinsingsbad. Me blir fødde på nytt ved Den heilage ande.
3. Ved gudsteneste i Den norske kyrkja: Denne søndagen er det naturleg å seia noko om den reviderte dåpsliturgien. Det meste er likt, men noko er nytt.
4. Tit 3,6-7 fortel oss om kva som skjer i dåpen, ved trua på Jesus Messias. Det dreier seg om å bli rettferdige ved Guds nåde og bli arvingar til det evige livet. Ikkje noko mindre!

Her er eit eksempel på ein annan disposisjon, henta frå Carl Henrik Martling:

Han foreslår 2 Kor 5,17 som ei tolkingsnøkkel: *Nei, om nokon er i Kristus, er han ein ny skapning. Det gamle er borte, sjå, noko nytt har vorte til!*

Han set opp følgjande disposisjon under overskrifta ”Døpt til befrielse och förnyelse”:

1. Dopet är en befrielse från det gamla
2. Dopet er förnyelse för det kommande
3. Dopet är en nyskapelse för evigheten

Under kvart punkt har han tre underpunkt, sjå: Carl Henrik Martling: Mitt i verkligheten 2. Side 22-23.

## Arne Berge

Sokneprest i Hinna, Ytre Stavanger prosti / frivillig medarbeidar i Den Norske Israelsmisjon

[berge.arne@gmail.com](mailto:berge.arne@gmail.com)